



DET KONGELIGE  
KULTUR- OG KIRKEDEPARTEMENT

Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

|                                               |                |
|-----------------------------------------------|----------------|
| FORNYINGS- OG<br>ADMINISTRASJONSDEPARTEMENTET |                |
| 04 JUNI 2008                                  |                |
| ARKIVKODE:                                    |                |
| SAKSNR:                                       | 2008 00301-154 |

Deres ref  
200800301-/BTB

Vår ref  
2008/00948 AØ KRW

Dato  
2.6.2008


### Høring - NOU 2007:12 offentlig innkreving


Vi viser til brev av 20. februar 2008 vedlagt *NOU 2007:12 offentlig innkreving*.

KKD forstår utvalgets konklusjoner slik at NRKs innkreving av kringkastingsavgiften og tilhørende merverdiavgift ikke vil bli berørt av forslaget til omlegging av den offentlige innkrevingen.

På lotteri- og pengespillområdet har departementet innhentet høringsuttalelse fra Lotteri- og stiftelsestilsynet, jf. vedlagt brev av 7. mai 2008. Ut over dette har ikke departementet merknader.

Med hilsen

  
Steinar Lien e.f.  
avdelingsdirektør

  
Kristine Wennberg  
rådgiver



# Lotteri- og stiftelsestilsynet


Vår sakshandsamar  
Stig Starheim, +47 57 82 80 11

Vår dato  
7.5.2008  
Dykkar dato  
10.3.2008

Vår referanse  
08/01727-2/008  
Dykkar referanse  
2008/00948-00

Side 1 av 2

Kultur- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO



## Høyring - NOU 2007:12 offentlig innkreving

Vi viser til brev av 10.3.2008 vedlagt høyring for NOU 2007:12 om offentlig innkreving.  
Vi viser også til avtale Starheim/Tesaker om frist 7.5.

### *Til talmaterialet i rapporten*

Lotteri- og stiftelsestilsynet kravde i 2007 inn på lotteriområdet 50,08 mill. kroner (ca 15 000 stk faktura), og på stiftelsesområdet 18,83 mill. kr (ca 8 000 stk faktura). Vi har såleis jamt over vore monaleg større i innkrevingssamanheng enn det som går fram av NOU-rapporten. I tabell 2.3 er vi oppgitt med 615 000 kroner og 308 krav/faktura. Vi kjenner ikkje årsaka til at denne feilen har kome inn i grunnlagsmaterialet. Rett nok er vi i denne samanhengen ein del endra etter overgangen til nytt automatregime, men vi har uansett ca 10 000 faktura årleg totalt.

Det er vidare opplyst i tabell 2.5 at Lotteri- og stiftelsestilsynet nyttar 4 årsverk på innkreving. Vi kjenner heller ikkje her til korleis ein har kome fram til dette talet, men det stemmer uansett ikkje. Det vert også svært misvisande og ulogisk når vi tilsynelatande nyttar så mange årsverk på å krevje inn berre 615 000 kroner.

Omtalte feil bør for ordens skuld påpeikast sjølv om dette ikkje er hovudpoenget i ein høyringssamanheng.

### *Vår erfaring med prisstrukturar*

Lotteri- og stiftelsestilsynet har sidan opprettinga og fram til 2008 hatt samarbeidsavtale med Statens innkrevingssentral. Samarbeidet gav oss ein svært god innkrevingssprosent i høve til ein automatmarknad som var dels uoversiktleg og i stadig endring med omsyn til aktørar, oppstillingsstader m.m. Vi meiner at andre løysingar ikkje ville kunne garantert oss den same innkrevingssprosenten.

Når vi frå 2005 starta innarbeidinga av stiftelsesområdet erfarte vi derimot at samarbeidsavtalen med Statens innkrevingssentral vart for dyr i høve til behovet på området. Stykkprisen vår var ca 144 kroner per faktura. For automatmarknaden, der ein i mange tilfelle hadde kompliserte innkrevingssaker, var denne prisen forsvarleg. I høve til stiftelses-Norge fekk vi derimot ein type innkreving som var svært kurrant. Det apparatet Statens innkrevingssentral har rundt si innkreving vert etter vårt syn i tyngste laget når ein har med å gjere den type innkreving som på stiftelsesområdet. Vi valde derfor å gjere avtale med ei privat verksemd til under ein sjettedel av stykkprisen(!). Nokre av dei gebyra/avgiftene som skal krevjast inn på stiftelsesområdet er heilt ned i 500 kroner. Dette var i seg sjølv eit argument for å sjå på andre løysingar enn Statens innkrevingssentral.

Postadresse  
Lotteri- og stiftelsestilsynet  
Postboks 800  
6805 Førde

Kontoradresse  
Naustdalsvegen 5  
6800 Førde

Telefon  
57 82 80 00  
Telefaks  
57 82 80 80

Foretaksregisteret  
982 391 490  
E-post  
postmottak@lottstift.no



No vil vi ikkje lenger kunne nytte det private firmaet til vanleg innkreving fordi dette strir mot eit punkt i økonomiregelverket. Vi er derfor i gang i 2008 med å innføre fakturering i eigen regi. Så langt ser det ut til at den strategien er vellukka både kvalitetsmessig og kostnadsmessig.

Poenget vårt i høve til Statens innkrevingssentral er at dersom det skal vere kostnadseffektivt å nytte denne, noko vi gjerne kunne gjort, så må dei tilby rimelegare prisstrukturar for meir kurrant innkreving. Vi meiner det bør vere mogeleg for ein stor statleg aktør å oppnå stordriftsfordelar og såleis konkurransedyktige prisar i større grad enn det vi har erfart når det gjeld kurrant innkreving.

*Til framlegget om ein ny innfordringsetat*

Lotteri- og stiftelsestilsynet støttar i all hovudsak dei tilrådingane utvalet kjem med. Dette gjeld mellom anna utvalet sit fokus på å opprette ein ny innfordringsetat. Vi deler oppfatninga av at dette bør medføre ei meir heilskapleg organisering av offentleg innkreving. Vi tilrår likevel at ein er merksam på at større einingar ikkje nødvendigvis medfører kostnadseffektivitet, jf. vår erfaring med å nytte Statens innkrevingssentral.

Vi forstår avsnitt 6.2.4.6 slik at ein innfordringsetat i første omgang ikkje er tenkt å ivareta den ordinære innbetalingsfasen for offentleg sektor. Dette vil vi framheve som eit vesentleg punkt. For vårt vedkomande byggjer vi opp rutinar som går ut på at krav/faktura vert sendt ut saman med gitt løyve, gitt registreringsmelding etc. Vi meiner dette gjer det lett for våre brukarar å knyte eit betalingskrav opp mot det forvaltningsvedtaket som ligg til grunn for den faktura som vert produsert. Ein ny felles innfordringsetat bør etter vårt syn fokusere primært på fasane som følgjer etter den ordinære delen.

Med helsing

  
Berit Hovland  
avdelingsdirektør

  
Stig Starheim  
seniorrådgjevar